



Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 15/10115-1

Kostnad med naudnett i fv. 55 Høyangertunnelen

... Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Det vert ikkje lagt til rette for etablering av naudnett og DAB-radio i samband med utbetringa av Høyangertunnelen.

... Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Notat frå Statens vegvesen datert 08.10.15, kostnad med naudnett i fv. 55 Høyangertunnelen

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I møte den 30.september 2015, sak 96/15 – Tertiarrapport 2/15 gjorde fylkesutvalet følgjande vedtak:

«Fylkesutvalet ber om at det vert lagt fram sak i fylkesutvalet 12.10.2015 med overslag over kostnadar for utbygging av naudsamband (digitalt naudnett og DAB) i samband med utbetring av Høyangertunnelen på fv. 55.»

Utbetring av Høyangertunnelen har vore ute på anbod. Statens vegvesen har skrive kontrakt med Veidekke Entreprenør AS for strukturelle tiltak basert på fylkestinget sitt vedtak i sak 31/14. Innafor kontrakten med Veidekke er det mogleg å ta inn tilleggsarbeid for å installere digitalt naudnett og DAB-radio. Statens vegvesen treng i så fall ei rask avgjerd på dette, før arbeida i tunnelen kjem i gang. Det er venta oppstart på prosjektet 1. november i år.

Historikk - tidlegare vedtak

I møte den 14.10.14, sak 31/14 gjorde fylkestinget følgjande endelege vedtak:

1. *Høyangertunnelen skal utbetrast innanfor ei kostnadsramme på 170 mill. 2014-kroner.*
2. *Det skal gjennomførast minimumstiltak for at det skal vere forsvarleg å halde tunnelen open. Det skal dessutan gjennomførast utbetringstiltak tilpassa tunneltryggleiksforskrifta.*
3. *Tilhøyrande kostnader skal dekkast innanfor rammene til vedlikehald av fylkesvegnettet.*

Sentrale problemstillinger

Statens vegvesen har i notat av 08.10.15 gjort greie for kostnadsauken med å inkludere naudnett og DAB-radio i samband med utbetringa av Høyangertunnelen. Kostnadsauken er

rekna til om lag 20 mill. 2015-kr inkl. mva. Dette vil i så fall gje ei total kostnadsramme for prosjektet på 195 mill. 2015-kr.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Utbetring av Høyangertunnelen etter fylkestinget sitt vedtak i sak 31/14 er eit vedlikehaldstiltak finansiert innanfor ramma til vedlikehald av fylkesvegnettet. Ei eventuell utviding av prosjektet til også å omfatte naudnett og DAB-radio må finansierast over vedlikehaldsbudsjettet. Det vil i så fall måtte skje på kostnad av andre vedlikehaldstiltak på fylkesvegnettet som t.d. dekkelegging eller at vedlikehaldsbudsjettet på fylkesveg vert auka opp tilsvarende meirkostnaden med å etablere naudnett og DAB-radio.

I HS-sak 29/15 budsjett 2016/økonomiplan 2016 -19 Samferdsle er det lagt opp til ei løyving på 397,7 mill. kr til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. I driftskontraktane ligg det bindingar på om lag 155 mill. kr. I tillegg er sett av midlar til tingingsarbeid. På vedlikehaldsområdet ligg det konkrete bindingar på om lag 170 mill. kr. Dette gjeld i all hovudsak Høyangertunnelen på 100 mill. kr og Bermålstunnelen på 61 mill. kr. I tillegg skal det gjennomførast anna arbeid på om lag 9 mill. kr samla.

Fylkesrådmannen viser elles til Statens vegvesen sitt vedlagde notat.

Rettslege konsekvensar

Statens vegvesen har gjort eit vurdering av om eit tilleggskjøp i inngått kontrakt er mogleg innanfor føringane i «Lov om offentlig anskaffelse». Konklusjonen er at eit slikt tilleggskjøp ikkje vil vere i strid med lova.

3. Konklusjon

I tunnelsikkerheitsforskrift for fylkesveg m.m. er det krav om at utstyr for radiosending via relé til bruk for redningstenestene skal monterast i alle tunnelar på meir enn 1000 meters lengde og som har eit større trafikkvolum enn 2000 køyretøy pr. køyrefelt (ÅDT på meir enn 4000). Høyangertunnelen er over 1000 meter, men har liten trafikk (ÅDT om lag 450). Ut i frå trafikkmengde vil ikkje Høyangertunnelen vere omfatta av forskriftskrava til naudnett.

Etablering av naudnett i Høyangertunnelen vil – slik fylkesrådmannen vurderer det – skape ei form for presedens for andre fylkesvegtunnelar lengre enn 1000 meter, men med vesentleg høgare trafikk enn i Høyangertunnelen. Eg viser her til eiga sak om dei samla tunnelutfordringane våre som kjem i fylkestinget i desember 2015.

Fylkesrådmannen vil tilrå at det ikkje vert lagt til rette for etablering av naudnett og DAB-radio i samband med utbetringa av Høyangertunnelen.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑